

# Møteprotokoll

**Utval:** Verneområdestyre for Stølsheimen  
**Møtestad:** Kyrkjestova i Vik  
**Dato:** 11.06.2012  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseiter	Medlem	SFFK
Hans Erik Ringkjøb	Nestleiar	VOSS
Marta Finden Halset	Leiar	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

## Merknader

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

## Andre:

Tom Dybwad	seniorrådgjevar Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Kristoffer Ullern Hansen	SNO, Aurland
Nils Kvamme	Naturoppsyn Stølsheimen
Veronika Seim Bech	Landbrukssjef i Vik kommune

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 8/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/12	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 10/12	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til merking av sti i Arnafjorden, Tenne - Vatnane - Roset - Nese		2012/1772
ST 11/12	Stølsheimen landskapsvernområde - fordeling av tiltaksmidlar		2012/1903
ST 12/12	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til restaurering av bustadhus i Finnabotnen - tilskot		2012/2404
ST 13/12	Prosjektplan for revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde		2012/2321
ST 14/12	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til merking og skilting av tursti i Sendedalen		2012/38
ST 15/12	Stølsheimen landskapsvernområde – løyve til bruk av snøskuter i Finnbuene under Ekstremsportveko 2012		

## Orientering

### Nasjonalparkkonferanse og 50 års-markering for Rondane 31.08.2012

Forvaltar orienterte om konferansen. Styremedlemane melder seg på samlinga på heimesida til DN. Viss styremedlem ikkje kan møta, kan varamedlem møta i staden. Kortaste og enklaste reisemåte til Otta er med bil. Alle gjev tilbakemelding til forvaltar om påmelding og reisemåte. Forvaltar samordnar reisa.

### Nettside for Stølsheimen landskapsvernområde

Forvaltar orienterte om at alle verneområda skal laga eigne nettsider. Arbeidet med nettside for Stølsheimen landskapsvernområde vert starta opp i sommar.

### Møte- og reisegodtgjering

Styret sender underskriven skjema for møte- og reisegodtgjering på e-post eller i posten til forvaltar.

### ST 8/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 11.06.2012

## **Vedtak**

Innkalling og dagsorden godkjent

## **ST 9/12 Underskrift av protokoll frå forige møte**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 11.06.2012**

## **Vedtak**

Protokoll frå møte 13.03.12 er elektronisk godkjent, og vart underskriven av 3 medlemmer i møtet.

## **ST 10/12 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til merking av sti i Arnafjorden - Tenne-Vatnane-Roset-Nesse**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 11.06.2012**

## **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Verneområdestyret for Stølsheimen gjev Reisemål Vik i Sogn løyve til:

- Oppsetting av inntil 4 retningskilt innanfor verneområde på stien mellom Fossesete – Vatnane – Roset, og eit skilt på Vatnane, festa på DNT-hytta. Skilta skal plasserast som vist på kart vedlagt søknaden.
- Stien i fjellet mellom Vatnane og Roset skal merkast etter standard for merking av DNT-ruter. Vardar med raud T på stein i varden når DNT merker, raud rounding ca. 10 cm i diameter på stein i varden når andre merker. Raudmerke skal ikkje setjast oftare enn naudsynt. Raud måling skal ikkje nyttast på jordfast stein eller fjell, jf DNT si Merkehåndbok.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen pkt. VI, nr 5, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Reisemål Vik i Sogn har ansvaret for gjennomføring av tiltaket, og vedlikehald av skilta.
- Skilta skal vera etter ny nasjonal standard for merking av turstiar.
- Stiane skal fylgja traseen til dei gamle stølsvegane.
- Sekretariatet skal ha melding når skilta er kome på plass.
- Bygging av steinvardar og raudmåling skal ikkje få større omfang enn det som er naudsynt for å gjera det lett å finna fram og ivaretek tryggleiken.
- Oppsett av skilt og merking over skoggrensa skal gjerast i samråd med naturoppsyn Nils Kvamme, som er leigd inn av SNO til skjøtselsarbeid i Stølsheimen.

Me gjer merksam på at merking av stiar også må ha løyve frå grunneigarane.

## **ST 11/12 Stølsheimen landskapsvernområde - fordeling av tiltaksmidlar**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 11.06.2012**

#### **Handsaming i møte:**

Styret gjekk gjennom forvaltar sitt framlegg til fordeling, og vedtok framlegget. Skjøtsel av stølane Ytstestølen og Hest er nye skjøtselstiltak som skal starta opp i år, og kjem under posten «skjøtsel av stølar».

#### **Vedtak**

<b>Beskriving</b>	<b>Omsøkt beløp</b>	<b>Vedtak</b>
Stiprosjekt	200 000	180 000
Skjøtsel av stølar	60 000	40 000 (20 000 av tiltaksmidlar)
Informasjon	50 000	20 000 (20 000 av tiltaksmidlar)
Tiltaksmidlar	100 000	60 000 til nye prosjekt

## **ST 12/12 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til restaurering av bustadhus i Finnabotnen - tilskot**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 11.06.2012**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Verneområdestyret løyver inntil kr. 8 000 til reperasjon av taket på bustadhuset i Finnabotnen, hjå Johan Tandberg gnr 67, bnr 2. Midlane vert utbetalt når arbeidet er gjennomført. Løyvinga står ved lag ut 2012. Midlane vert dekkja av budsjettpost tiltaksmidlar 1427.01.

Vilkåret for utbetaling er at arbeidet er utført i tråd med tradisjonell byggeskikk. Tiltakshavar sender melding med bilde til sekretariatet når arbeidet er utført. Løyve til vedlikehald av gardsbruk er heimla i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde pkt. V, 6.

## **ST 13/12 Prosjektplan for revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 11.06.2012**

### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar med eit tillegg; Rådgjevande utval er referansegruppe for revidering av forvaltningsplan.

### **Vedtak**

Verneområdestyret for Stølsheimen vedtek prosjektplan for revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde.

Rådgjevande utval er referansegruppe for revidering av forvaltningsplan.

## **ST 14/12 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til merking og skilting av tursti i Sendedalen**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 11.06.2012**

### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar

### **Vedtak**

Verneområdestyret for Stølsheimen gjev Reisemål Vik i Sogn løyve til:

- Oppsetting av inntil 3 retningskilt innanfor verneområde. Eit skilt på kvar side av Rv. 13 ved starten på stien, og eit skilt i Grønhovden, der stien møter DNT-merka sti.
- Informasjonsskiltet skal plasserast ved Rv 13, i starten av turstien, og skal samordnast med SNO sine informasjonsskilt.
- Merking av stien i Sendedalen med raudmåling på stein eller vardar. Merking av ny sti frå Skjervheims-Grøndalen til Grønhovden. Merkinga av stien skal vera etter standard for merking av DNT-ruter. Vardar med raud T på stein i varden når DNT merker, raud runding ca. 10 cm i diameter på stein i varden når andre merker. Raudmerke skal ikkje setjast oftare enn naudsynt. Raud måling skal ikkje nyttast på jordfast stein eller fjell, jf. DNT si Merkehandbok.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen pkt. VI nr. 5, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Reisemål Vik i Sogn har ansvaret for gjennomføring av tiltaket, og vedlikehald av skilta.
- Retningskilta skal vera etter ny nasjonal standard for merking av turstiar. Voss utferdslag skal kontaktast ved oppsetting av skilt på DNT-merka sti.
- Informasjonsskilta skal utformast etter standard for verneområda, og i samråd med verneområdeforvaltar og SNO. Kontakt naturoppsyn Nils Kvamme (innleigd av SNO til skjøtselsarbeid i Stølsheimen) ved oppsetting av skilt.
- Sekretariatet skal ha melding når skilta er kome på plass.
- Dersom det skulle vise seg i ettertid at merking av stien med sterkt aukande ferdsel fører til problem for villreinen, kan løyvet trekkjast attende ved vedtak i verneområdestyret.

Me gjer merksam på at merking av stiar også må ha løyve frå grunneigarane.

## **ST 15/12 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til bruk av snøskuter i Finnbuene under Ekstremsportveko 2012**

### **Saksprotokoll i Verneområdestyre for Stølsheimen - 11.06.2012**

Ekstremsportveko 2012 har trekt søknaden om bruk av snøskuter under arrangementet freeride i Finnbuene. Grunnen er at tryggleiken er i varetaken med å ha luftambulans/helikopter på staden (stasjonert like utanfor verneområdet under arrangementet).